



Tove Hassel Bratland
Ekornvegen 10
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1696 - 15/11266

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

05.06.2015

Førespurnad om bruk av gbnr. 10/100 i Meland kommune

Meland kommune har mottatt melding om at det skal vere etablert ei flytebryggje på gbnr. 10/100, utan at kommunen si byggjesaksavdeling kan sjå at det ligg føre godkjenning av eit slikt tiltak etter Plan- og bygningsloven (pbl.).

Meldinga er sendt inn av eigar av naboeigedomen gbnr. 10/95 v/ Leif Johnsen, som opplysar følgjande, jf. e-post til Meland kommune dagsett 13.3.2015:

«Har i dag kontakta dykk (...) m tidlegare nemde flyttebrygge.

Den resterande halve delen av den opprinnelege brygga ligg no og slår opp i fjæresteinane og sbryt opp isoporflotørane. Isoporbitane ligg innover i vika. Skal sende eit foto.

Har snakke med hytteeigar Eva Tangen, (mob 481 44 058), ho stadfestar at det er Einar Brattland som eig bryggedelen, og ho vil ta kontakt med han.

Eg fortalde henne også at eg hadde kontakta kommunen om dette.»

Som heimelshavar til gbnr. 10/100 vidareformidlar kommunen med dette den mottatte meldinga til dykk.

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve med heimel i pbl. kap. 20, med mindre slik søknadsplikt er spesifikt unntatt gjennom pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Byggjetiltak må uansett vere i samsvar med kommunen sine arealplanar, dersom det ikkje er gitt dispensasjon.

Det aktuelle området er i gjeldande reguleringsplan avsett til høvesvis spesialområde for vern av friluftsliv på land og som naturbasert friluftsområde for tilgrensande sjøareal.

Dersom opplysningane frå Leif Johnsen er riktige, er den aktuelle flytebryggja truleg eit søknadspliktig tiltak som er avhengig av høvesvis byggjeløyve, dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan og dispensasjon frå det generelle forbodet i kommuneplanen mot byggjetiltak nærmare strandlina enn 50m.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommuneadministrasjonen har ikkje vore på synfaring på staden og har førebels heller ikkje tatt endeleg stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr. 10/100. Administrasjonen ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det i det heile tatt er etablert ei flytebryggje – som skildra over – på eigedomen. Dersom så er tilfelle, ber kommunen i tillegg om dykkar kommentar til opplysningane frå Johnsen om at flytebryggja forårsakar forureining i form av spreining av isopor langs sjøen utanfor Holme.

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. har kommunen ei plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding vert sett til 29.6.2015.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Leif Johnsen

Mottakere:

Tove Hassel Bratland

Ekornvegen 10 5236

RÅDAL